


Nr. 3-2018, årgang 53.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådalen, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Frå hausttakkefest i Vrådalen: Hanne Roholdt, Brit Ingebretsen, Astrid Breivik og Marit Sørby.



Side 8-9: Sjå glimt frå arbeidet i kyrkjelyden.



Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
Nettadresse: www.kviteseid.sokn.no



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Møyfrid Lunde
Sokneprest
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Birgitte Nødland Danielsen
Kyrkjelydssekretær og
trusopplærer
Kontor tlf: 35 06 81 28
sekretaer@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde
Framsidedfoto: Olav Mosdøl
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Gåver:

Bankkonto 2660 45 14648.
Vipps 88041 (Den norske kyrkja i
Kviteseid)



Fruktglede

Av sokneprest Møyfrid Lunde

Eg likar når Jesus samanliknar livet og forholdet vårt til Gud med ting vi kan observere i naturen. Då kan eg gå ut i hagen og oppdage meir. Frå hagen på hytta mi kan eg sjå både pærer, plommer og eple. Eg veit at dei treng vatn, så eg er ganske imponert over kor mykje frukt som har hengt på trea gjennom den tørre sommaren vi har hatt. Eg har òg sett at det er mykje meir frukt på den sida av treet som hadde sol det meste av dagen. Dei nyaste trea har vi prøvd å skjere til og pleie litt ekstra, men dei har stort sett måtta greie seg utan gjødsel.

Jesus fortel ei likning om eit fikentre som var planta i ein vingard. Kwart år gjekk mannen som eide treet for å sjå på det om det bar frukt, men kvart år vart han like skuffa. Etter tre år bad han gartnaren om å hogge det ned for at det ikkje skulle stå der og suge ut jorda. Men slik gjekk det ikkje. I

likninga står det skrive: «'Herre, lat det få stå dette året òg' svara gartnaren, 'så skal eg grava kring det og gjødsla det; kan henda ber det neste år. Gjer det ikkje det, får du hogga det ned. '» (Luk 13,8-9)

Vi er skapt til å leve i fellesskap med Gud. Han er ikkje ein idé til å ha i hovudet. Han er ein levande Gud som vil få fram det som er lagt ned i oss, men som vi ikkje maktar å få fram sjølve. Vi er alle forskjellige. Nokre treng mykje tid, andre treng å få særleg pleie og omsorg og så vidare. Likninga syner oss kor tolmodig og full av omsorg Gud er. Jesus er som gartnaren som er komen heilt nær oss menneske for å gje oss sin kjærleik. Sånn kan trua verte forløyst og gje frukt i oss.

Eit frukttre utan frukt har noko uforløyst i seg. Eg er glad for at vi har ein gartnar som ikkje gjev oss opp, men ventar på at vi skal bere frukt.

God haust til alle!



«Det må ikkje bli sjølvskryt»

Av Øivind A. Jørgensen

*Slik avsluttar **Hanne Julie Gåsø Roholdt** (76) intervjuet ein som-
mardag i august. Vi skjønar kva
ho meiner, men sjølvskryt frå
Hanne? Ikkje noko er fjernare. Ho
bles aldri i basun for seg sjølv,
men alle som kjenner henne, veit
at ho er ei ressurssterk og dyktig
kvinne, venleg og velvillig og tru-
fast engasjert i omsorg for andre.
Ho har respekt for den ho er og
det ho har gjort gjennom livet, og
lèt oss andre få høyre om det, men
det er noko heilt anna enn sjølv-
skryt.*

Barndom i Barbu

Hanne vaks opp i Arendal, i eit hus med stor hage. «Eg hadde ein trygg og god barndom med far og mor, ei syster og ein bror. I etasjen under budde mormor, som var enke, og til farmor og farfar var det berre å springe gjennom hagen.» Heile somrane var familien på hytta ved Grimstad, eit verkeleg sørlandsparadis. «Her var vi saman med slekta til mormor. Det var born å leike med, vi henta jordbær og mjølk, var med i fjoset, bada og fiska krabber i fjæra.»

Båe bestefedrane hadde vore til sjøs, og mor til Hanne hadde vore

med far sin på fleire turar. Ho kunne fortelje om framande land, om skuter og storm og uvêr, og det store strutseegget som farfar hadde teke med seg, gjorde eit veldig inntrykk på vesle Hanne.

Oppvaksen i kyrkjebenken

Foreldra til Hanne var med i sokneråd og misjonsforeningar. Borna fekk kristentrua med seg og fekk tidleg oppgåver. «Ved kveldsbøna las Peder Jonas Fader Vår og bad for sjøfolka. Elin las ‘Kjære Gud Fader i himmelens slott’ og bad for alle heimlause born. Mi bøn var ‘Nu lukker seg mitt øye’, og eg skulle be for alle heidningeborna. Når det var misjonsforening heime, sat vi og lytta og fekk vere med og selje lodd.»

Til kyrkja gjekk familien kvar sundag. «Eg vaks opp i kyrkjebenken», fortel Hanne. «Ingenting var lagt opp for born, men vi fann vår eigen måte å vere i kyrkja på. Vi såg på altartavla og lytta til orgelmusikken. Etterkvart kunne vi slå opp i salmeboka sjølv, vi lærte salmar utanåt og såg kor lenge vi kunne syngje utan å sjå i boka. Preika var lang, men då studerte vi damehattane og fann ut kva for ein som var finast. Og vi kunne sjå kor langt vi kunne telje til han dei kalla Blåmann, sovna. Vi brukte fantasien og gjorde det til ein leik, og så hjalp det oss at vi var tre sysken saman.» Hanne var også med på sundags-

skulen, barnelag og Yngres, og etterkvart i skulelaget. «Der fekk eg nye vener og nye oppgåver, og lærte å respektere andres meininger. Det var ei god tid.»

Utdanning, yrke og familie

«Mor mi var veldig flink til å brodere, veve og sy. Eg byrja tidleg å strikke, og sydde mykje dokketøy», fortel Hanne. Etter skulegangen i Arendal tok ho eitt år på vev og eitt på saum på Aust-Agder husflidsskule i Risør. Så var ho assistentlærer der i to år, før ho var lærar på Bakketun folkehøgskule i Verdal eit år. Etter to år på Statens lærarskule i forming i Oslo gifta ho seg med Leif. Dei busette seg fyrst på Ås, var så på Mære landbrukskule i Trøndelag og på Holt ved Tvedestrand, før dei kom til Treungen. Her fekk dei borna sine, Martha Angelica, Kristoffer og Sigurd. Gjennom soknerådsarbeidet blei Hanne inspirert av diakonitanken, m.a. av Godtfred Rekkebo, og engasjerte seg då i det arbeidet.

Til Vrådal

Familien flytta til Vrådal i 1983. Hanne blei med i det fyrste styret for prostidiakonen. «Det var veldig interessant. Det var dyktige folk i styret, og eg lærte mykje.» Heilt frå den tid har ho òg vore trufast med i besøksteneste, i heimane, på KOS og på Midtsundtoppen.

I ni år var ho også med i Kirkens SOS, som folk kan ringje til på kveld og natt. Mange samtaler gjorde sterkt inntrykk. «Du får ein djup respekt for dei som opnar seg om det vanskelege i livet.» Då systera fekk kreft, tok Hanne seg mykje av henne, og måtte slutte i SOS-tenesta. «Eg kan ikkje byrje att no, men saknar kollegene og miljøet», seier ho.

Hanne passar til slikt arbeid. Ho har ei trygg ro i seg. «Ja, eg hadde ein god oppvekst og har nok fått ein tryggleik i meg sjølv. Far min var ein veldig realistisk mann. 'Når det verkeleg røyner på, har du berre deg sjølv og din Gud', sa han. Det er godt å kunne vende seg til Gud med alle ting. 'Bøn er terapi', las eg ein stad. Bøna har hjelpt meg mange gonger.»

Hanne har vore med i styret for Vest-Telemark Museum og i soknerådet. M.a. har ho engasjert seg for å halde den gamle kyrkjegarden i god stand. «Kyrkjegarden syner respekten for dei døde, og den gamle og den nye i Vrådal høyrer saman, tenkjer eg.»

Kyrkjetekstilar

Av alt handverk Hanne har gjort, er det noko ho er spesielt glad for, prosjektet med kyrkjetekstilar frå 2008 til 2015. Gunnvor Mandt fann ein gamal kistekross på bygdetunet, eit klede forma som ein kross til å ha på kista ved gravferd.

Ho og Hanne vov då stoff til ein kopi, og Hanne broderte. Han vart gjeve til Vest-Telemark Museum. Det vart stoff att. «Vi tykte det var for gale å bruke papirhandkle til dåp, så vi laga dåpshandkle til alle kyrkjene i Kviteseid», fortel Hanne. Dessutan laga dei altarduk og klede til å ha over nattverdkalken i Vrådal kyrkje.

Det neste prosjektet var å veve eit åkle til å ha på kista i gravferder. Eit prøveeksemplar vart gjeve til bæreromet på KOS. Det ferdige teppet vart gjeve til kyrkjelydane i Kviteseid og er til låns til gravferder. Kistekrossen var med på ei utstilling av kyrkjeinventar i samband med reformasjonsjubileet i 2015. «Det var veldig moro å sjå det vi hadde lagt så mykje arbeid og flid i, saman med så mykje anna fint og blant historiske gjenstandar.»

Pensjonist no

Då dei hadde fått to av borna, gjekk Hanne over i husmoryrket på heil tid, men seinare tok ho vidare utdanning i to år, og jobba så i skulen i tolv år før ho vart pensjonist. No bur Hanne og Leif i kårhuset som dei har pussa opp. Hanne driv framleis med handarbeid, men ikkje like mykje som før. Ho har sine daglege gjeremål, held kontakten med borna og vesle Casper i Oslo, er med i husflidslaget og soknerådet, og – ikkje minst – er stadig på besøk hjå gamle og sjuke.



Ein kveld i september var desse gode folka samla på Misjonshuset saman med folk frå Brunkeberg og Vrådalen.

Gode relasjonar

Av Eilev Erikstein

Å bygge relasjonar er grunnlaget i god diakoni. I Kviteseid har dei ei Besøksteneste som gjer nett det. Det er ikkje få timar desse legg ned i teneste for sine medmenneske. Ein kveld i september var desse gode folka samla på Misjonshuset saman med folk frå Brunkeberg og Vrådalen.

Samstundes med møte i Besøksgruppa vart Diakoniutvalet i Kviteseid utvida med representantar frå Brunkeberg og Vrådalen.

Om nokon har tid og overskot til å vera med i Besøkstenesta, kan dei melde seg til Kirsti Skjæveland i Diakoniutvalet.

Glimt frå arbeidet



På gudstenesta med feiring av hausttakkefesten i Vrådalen 9. september fekk desse utdelt 4-årsboka. I forkant av gudstenesta hadde dei sin eigen samling med undretur i kyrkja og førebuing av gudstenesta. (foto: Olav Mosdøl)



19. august hadde vi friluftsgudsteneste i Åsgrend utanfor grendehuset der. (foto Olav Mosdøl)




25.-30. juni var nesten 200 konfirmantar og 50 leiarar samla frå sju kommunar i Øvre Telemark prosti til konfirmantleir på Gjennestad skule i Stokke.

Kyrkjeskip i Kilen

Til 50-årsjubileet for Kilen kapell ville grendelaget gje ei gåve, og dei valde eit kyrkjeskip, d.v.s. ein skipsmodell som heng oppunder taket. Slike skip er særleg vanlege i Danmark, men finst også i mange norske kyrkjer. Også hovudrommet i ei kyrkje vert kalla «skipet.»

Symbolikken er at skipet hjelper oss menneske på reisa over livets hav.

Skipet som grendelaget har gjeve, er ein modell av fullriggaren Sørlandet. Modellen har stått i eit skåp ei tid, m.a. fordi ein måtte søkje biskopen om godkjenning, slik reglane er for kyrkjer. No har



vi fått godkjenning frå biskopen, og skipet vart hengt opp til gudstenesta i Kilen 12. august. Vi markerte hendinga med å lese opp brevet frå biskopen før gudstenesta.

Engasjement!

Kyrkjebladet har spurt kyrkjevevja Kristen Salmelid om engasjement:

Kva betyr engasjement i kyrkjeleg samanheng?

-At folk engasjerer seg trur eg betyr alt. Kyrkja består ikkje av oss tilsette, men av kvar einskild som bryr seg, kvart medlem og kvar kyrkjegår. Men folkekyrkja famnar òg dei som kjem i kyrkja berre til høgtid og fest, til jul, dåp, konfirmasjon, eller berre i ei gravferd. Vi les i bladet her om diakoniutvalet. Dei bryr seg. I førre nummer las me om alle tilbod vi har til born og unge gjennom trusopplæringa. Kvar av desse arrangementa har opptil fleire engasjerte friviljuge som arrangørar! Etter kvar sundagsmesse er det kyrkjekaffe med gode kaker. Det gjer seg ikkje sjølv.

Er det fleire ting det går an å engasjere seg i?

-Ja. Det er mange saker. Ta kontakt, så skal vi finne noko som du kan vere med på. Noko skjer i gudstenesta, noko i kyrkja ved andre anledningar og noko kan du gjere heime eller når du er på farten. Nå lurar du kanskje? Nokon har levd eit langt liv med folda hender. Dei ber, og Gud gjer under. Å be for kyrkja og kvarandre er ein stor og viktig ting.

Så har vi ein viktig sak til. I alle år har statskyrkja i Noreg blitt finansiert av staten. Som folkekyrkje åtskild frå staten vil vi truleg etter kvart måtte ta større ansvar økonomisk. Det trur eg òg er eit bibelsk tema. Ofringar i kyrkja blir i all hovudsak sendt til andre gode føremål. Noko går og til eige arbeid. Men vil vi gjere noko meir her lokalt, krevjast det lokale bidrag. Dette er soknerådet òg opptekne av og har difor fått i gang ein liten komité som skal arbeida med dette. Korleis kan vi få fleire engasjert? Korleis kan vi auke gjevargleda hjå folk? Dei neste månadene er det difor ikkje utenkeleg at fleire lesarar av kyrkjebladet vil få eit personleg spørsmål om å bli med på prosjektet GJEVARGLEDE.

Kva vil dette seie konkret for den som les dette?

Vi skriv litt om dette på nettsida vår (kviteseid.sokn.no) under menyvalet 'Gi ei gåve': 200 kroner rekk til ei blomehelsing til ein jublant, eller til to 4-års bøker til utdeling. 300 kroner rekk til ein bibel til ein konfirmant, eller til fleire dåpsgåver. Og kva skjer viss slike beløp blir gjevne fast kvar månad over fleire år? 200 kr kvar månad blir til 2400 i året. Det er lett å drøyme vidare. Får vi mange nok faste gjevarar, kan vi kanskje etter å ha bygd opp eit lite fond auke stillinga til trusopplærar.

På den måten kan DU vera med å gjera ein forskjell for folk i Kviteseid, for eldre og sjuke, for born og unge, ja, for oss alle. Det kan bli eit fast og godt engasjement!

Notisar

Takk for gåvene til Kyrkjebladet!

Til nå i år er det kome inn over 45.000 kr i gåver frå dykk lesarar. Det er vi veldig takknemlege for. Det er frå giroane i julenummeret 2017, og nr 1 og 2 i 2018. Tusen takk!

Gåver til anna enn kyrkjebladet?

Nokon går fast i kyrkja og gjev kollekt, andre går sjeldnare, men vil likevel vere med å støtte det gode arbeidet som gjerast. Difor er det på giroen i bladet denne gongen føydd til to punkt slik at DU kan velje kva du vil gje til.

Du får skattefritak på alle gåver til kyrkja!

For kvar 1000 kr du gjev, får du 230 kr i skattelette! Det synest vi er fantastisk!

Det du må gjere er å skrive at du ynskjer skattefritak. Send oss namn og fødselsnummer.

Vi registrerer det du gjev, og sender samla beløp inn til skatteetaten i januar neste år. Samla beløp må vere minst kr 500, og øvre grense for skattefritaket er satt til kr

40.000 for 2018.

Får vi mobilnummeret eller e-post-adressa di, vil du få tilsendt eit enkelt gjevarnummer. Send gjerne sms til kyrkjeverja (97047860) no for å få tilsendt eit gjevarnummer. Nummeret kan du seinare føre opp på alle dine pengegåver/ofringar knytt til kyrkja i Kviteseid sokn. Bruker du kyrkja sitt Vipps-nummer 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid), kan du registrere skattefritak. Informasjonen vi ber om legg du inn berre fyrste gong.




Nye glas i Kviteseid kyrkje

Godt vedlikehald av kyrkjene våre er viktig for å ta vare på kulturarven, bygningen vi og dei som kjem etter oss skal bruka. Blyglasvindauga i Kviteseid kyrkje er i faresonen. Blyet i glasa tærast sakte men sikkert bort. To glas i koret er no fornya og er klare for 100 nye år. Takk til Halvor Nyland for godt utført arbeid.

Fargelegg!

Teikning: Trevor Keen



Finn namn på åtte planetar!

Namna på dei åtte planetane i solsystemet vårt er gøymde i rutenettet under. Dei står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

R	O	T	T	A	K	J
L	A	V	U	R	J	O
I	M	E	R	K	U	R
M	A	N	A	N	P	D
B	R	U	N	E	I	E
O	S	S	U	P	T	N
M	O	M	S	T	E	K
B	S	A	T	U	R	N
A	B	B	A	N	U	R

Finn 5 feil

Teikning: Trevor Keen

David var ein gjetargut som blei konge i Israel. Han laga mange songar om Gud. Dei står i Bibelen. Dei to bileta er nesten like. Finn du de fem feila på biletet under?



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit spel.
– Å nei, eg har blitt eit speilegg!

Vitsar

- Bestemor tykte vesle Jenny hadde så vakkert smil:
- Tennene dine er som eit perlekjede: Kvite perler tett i tett.
 - Vesle Jenny ville seie noko fint tilbake.
 - Tennene dine er som stjerner, bestemor: Gule og langt frå kvarandre.



Kyrkjetak

Det er på høg tid å skifte treflisene på tårntaket på Brunkeberg kyrkje, og på apsisen på Kviteseid gamle kyrkje (halvrunding mot Kviteseid gard). Prosjekta er finansiert for 2018, men det har vist seg vanskelegare enn tenkt å få dette til. Ei av utfordringane har vore å få tak i nok tettvaksten malmen furu. Kunnskapen som skal til for å laga slike treflis er det stadig færre som har, men i Kviteseid er vi heldige.

Til tre av fire takflater på tårnet på Brunkeberg kyrkje skal det produserast om lag 1700 flis. Det vert gjort på same måten som dei siste som vart lagt der. Det er Olav Kvålsgard i Åsgrend som lagar dei. Vi veit ikkje sikkert kva tid dei som no ligg der vart laga og lagt på taket, men dei var saga på rundsag av malmen furu. Kven som skal leggja flisene på taket er uklart.

Til apsisen på Kviteseid gamle kyrkje går det med 5000 treflis. Dei skal hoggast til med øks. Det arbeidet er det Halvor Bjåland som skal leia. Får vi tak i nok virke, blir det arbeid for fleire flittige hender utover vinteren. Flisene kan då vonleg leggjast på taket våren 2019. Sist dette taket på gamlekyrkja i Kviteseid var bytta var i 1982, så det er under 40 år sidan. No vonar vi at ein annan og betre teknikk vil gjere at taket held i 100 nye år.

Kunnskapen med dei gamle handverkstradisjonane er i ferd med å døy ut. Bjåland har mellom anna vore med å lage slike flis til Eidsborg stavkyrkje. Han er viljug til å læra bort desse gamle kunstene til interesserte. Praksisdelt i 'kurset' vil vera å hogge til fliser til Kviteseid gamle kyrkje. Er du interessert i dette, er det berre å ta kontakt med kyrkjevevja eller Bjåland direkte.

Meir himmel på jorda

Døypte

Kviteseid: Vetle Andersen.
Eivind Egeland
Bakken.
Edvald Svalestuen-
Lønnegraff.
Mathis Kvålseth.
Johanne Helena
Håtveit.
Solveig Måret Hætta.
Olav Paulsen Brauti.

Gravlagde

Kviteseid: Liv Haatveit.
Torgeir Kråkenes.
Gerd Synnøve Blom.

Vrådal: Bergit Findreng.
Gudveig Tveit.

Allehelgenskonsert 2. november kl. 19

Jan Haugen har samla nokre dyktige musikarar: Ola Ajer, Erling Eriksen og John Trygve Bakke frå Lunde med fleire for å lage konsert i Kviteseid kyrkje. Fredheimkoret blir med, og i tillegg Kviteseidjenta Kristin Kleiv. Kanskje dukkar det opp fleire aktører også. Av repertoaret kan nemnast: Dylan, Cash, van Morrison, E. Cassidy og Jonas Fjeld. Konserten er eit samarbeid

Vigde

Kviteseid: Gunn Ragnhild Moen
og Morten Andersen.

Vrådal: Ingvild Skipar
og Ernst Marius
Thomassen.
Kristina Skree
Birkeland og Jonathan
Kolberg Moe.

Fjågesund: Trine Anette Larsen
og Tor Østenå.



Foto: Kari Smeland, journalist i VTB.

med diakon Eilev Erikstein. Det betyr at ein del av overskotet av inngangs-pengene vil gå til Diakoni i Vest Telemark. Velkomen!

Oppslagstavla

Ønskjer du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Kyrkjelydens føremiddagstreff på Misjonshuset:

24.10. kl. 11.00
05.12. kl. 11.00

Vrådal Normisjon

Oktober

Sun. 14. okt. kl. 16 Songsamling på Bedehuset: Gunstein Draugedalen med eit variert repertoar.
Ons. 17. okt. kl. 18,30 Kveldsmat og tekstsamtale på Heia.

November

Sun. 11. nov. kl. 16 Songsamling på Bedehuset.
Ons. 21. nov. kl. 18,30 Kveldsmat og tekstsamtale på Heia.

Desember

Sun. 2. des. kl. 16 Songsamling på Bedehuset: Harald Naper viser bilete. Vegard Omdal spelar.
Ons. 12. des. kl. 18,30 Kveldsmat og tekstsamtale på Heia.

Misjonshuset i Kviteseid:

Oktober

14.10. kl. 11.00 0-100 – Inge Håvard Jore
16.10. kl. 19.30 Fellesskapskveld m/kveldsmat – Kjell Arne Norum, besøk av Kristin Eidem og Reidar Kolbrek.
23.10. kl. 19.30 tysdagsmøte – Øyvind Jørgensen
28.10. kl. 11.00 0-100 – Brit Kari Urdal
30.10. kl. 19.30 tysdagsmøte – Knut Bjørn Skyttemyr

November

06.11. kl. 19.30 tysdagsmøte – Nils Jørgen Hardang
11.11. kl. 11.00 0-100 – Ole André Eliassen
13.11. kl. 19.30 tysdagsmøte – Hans Olav Hardang
20.11. kl. 19.30 tysdagsmøte – Morten Kravik
25.11. kl. 11.00 0-100 – Terje Olafsen
27.11. kl. 19.30 tysdagsmøte – Jerry Lund

Desember

04.12. kl. 19.30 tysdagsmøte – Jerry Lund
09.12. kl. 11.00 Adventsfest – Eivind Jåtun
11.12. kl. 19.30 tysdagsmøte – Møyfrid Lunde

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Gudstenester

OKTOBER

Sun 7. 20. søndag i treeiningstida,
Mark 10, 2-9

Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Øyvind Jørgensen.
Nattverd. Dåp. Sundagsskule.
Ofr. Familie og medier.

Sun 14. Inga gudsteneste

Sun 21. 22. søndag i treeiningstida,
Joh 12, 35-36

Kviteseid kl. 11. Familiegudsteneste. Møyfrid
Lunde. Nattverd. Dåp. Barnespel.
Ofr. TV-aksjonen.

Sun 28. Bots- og bøneda, Luk 18, 9-14

Vrådal kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Kyrkjekoret. Of. Norsk
Luthersk Misjonssamband.

NOVEMBER

Fre 2.

Kviteseid kl. 19. Allehelgenskonsert.
Jan Haugen.

Sun 4. Helgemessesundag, Joh 11,1-5. 33-38

Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde og
Eilev Erikstein. Nattverd. Sundags-
skule. Kyrkjekoret. Samvær på
misjonshuset for alle etter guds-
tenesta.

Sun 11. 25. søndag i treeiningstida,
Matt 14, 22-34

Brunkeberg kl. 11. Familiegudsteneste. Møyfrid
Lunde. Nattverd. Barnespel.
Utdeling av adventskalender til 5-
åringar. Of. Stefanusalliansen.

Sun 18. 26. søndag i treeiningstida,
Joh 9,1-7, 35b-38

Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Dåp. Sundagsskule. Of.
Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Sun 25. Inga gudsteneste

DESEMBER

Sun 2. 1. søndag i adventstida, Luk 4, 16-22a

Kviteseid kl. 11. Familiegudsteneste. Møyfrid
Lunde. Of. Kyrkjelydens
trusopplæringsarbeid.

Sun 9. 2. søndag i adventstida, Luk 21, 27-36

Vrådal kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Of. Kyrkjelydens
misjonsprosjekt.

Sun 16. 3. søndag i adventstida, Luk 3, 7-18

Kviteseid kl. 18. Julekonsert.

Sun 23. 4. søndag i adventstida, Luk 1, 39-45

Kilen kl. 16. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Of. Kyrkjelydsarbeidet

Mån 24. Julaftan, Luk 2, 1-20

Fjågesund kl. 12.45. Gudsteneste. Of. Kirkens
nødhjelp.

Vrådal kl. 14.30. Gudsteneste. Of. Kirkens
nødhjelp.

Brunkeberg kl. 15. Gudsteneste. Of. Kirkens
nødhjelp.

Kviteseid kl. 16.15. Gudsteneste. Of. Kirkens
nødhjelp.